




HAREID ROTARY KLUBB

Distrikt 2305
Klubbnr. 12713

Månedsbrev for november 2012.

Årgang 48



Møtedag: Mandag kl. 18.00 - 19.00
Møtestad: Klubbhuset til Hareid
IL, 6060 Hareid.
President: Jarle Kristiansen
Visepres: Karin S. Holstad
Sekretær: Arne G. Aschehoug
Kasserar: Johs. J. Hareide
Past pres: Magnar Hatløy
Styremedlem: Barnhard Harkjerr
Styremedlem: Øystein Alme
Ansv.red.: Aage Nytun
Referent: Hans Gisle Holstad

Fødselsdagar i september:

| | |
|--------------|--------------|
| Arne Lillebø | 24. november |
| Egil Utgård | 26. november |
| Gunnar Riise | 28. november |

HAUST

Kvar vart de tå alle dei fuglar som song

I sumar så vent mellom greino ?

Sidan eg hørde dei ender og gong:

Og so vart det stilla i eino.

Han tagnar, fuglen mot hausten.

*

Kvar vart det tå alle dei blommar som stod

Og nikka i ljøs og i ange?

Eg ser over bøen, men er inkje god

få augo på ein av dei mange.

Han visnar, blomen, mot hausten

Per Sivle

Måndag 5. november.

Innkomande president Karin Svendsen Holstad var møteleiar denne kvelden. Ho ønskte alle velkomne før ein deretter song: »Vi vandrer med freidig mot»

Program for kvelden var ved Karin S.H, som saman med Arne Gunnar Aschehoug, hadde vore med på distriktskonferansen son vart avvikla på Øyer 29. og 30. september -12.

Karin S.H gjekk gjennom ein del av den kunnskapen dei hadde fått på konferansen med støtte i eit foil-sett som på ein oversiktleg måte viste temaene:
Internasjonal forståing og fred, Vår felles utfordring og Peace through service.

Distriktskonferansen er rotaryåret sitt faglege og sosiale høgdepunkt.
Formålet er å gjere det mogleg å skape nettverksbygging, påfyll av kunnskap og inspirasjon,- og å motivere medlemmane til innsats for Rotary.

Det er også ei målsetjing at konferansen skal gi rotaryanarane i heile distriktet ein visjon av Rotary som ein vonar vil strekke seg ut over klubbnivå, og vere ein arena for utviking og vedlikehald av godt kameratskap.

Måndag 12. november.

Festdeltakarane, medlemmar med ev følgje, møtte til fest i flott pynta lokale.
Presidenten leia samkoma. Og etter innleiande song var første programpost: OPPTAK AV NYE MEDLEMAR:

Seremonimeister Hans Gisle Holstad fekk ordet, og ba dei to medlemskandidatane; Idar Flø og Hanne Rognan, samt faderane deira ; Sverre Ulstein og Eilen Hareide Brandal, kome fram.

Faderane fekk deretter presentere dei nye medlemmane før seremonimeisteren gjekk gjennom litt historikk om Rotary som verdsospennande organisasjon ,om mottoet «Å gagne andre», kriteria for å vere medlem , - før han til slutt stilte og understreka dei 4 viktige spørsmåla i den såkalla «spørsmålsprøva» alle rotaryanarar «til-ei-kvar-tid-« skal stille seg.

Heile festlyden reiste seg då presidenten feste rotarymerket på dei nye medlemmane med påfølgande gratulasjonar frå president og seremonimeister.

Røyrafesten heldt vidare fram i veksling mellom mat og programinnslag og hyggeleg prat i hyggeleg lag.
Festkomiteen med Jørn Gjerde i spissen hadde ordna med nydeleg røyr og laga den til saman med nødvendige ingrediensar på ein utmerka måte.

Elevar frå musikkskulen spelte, Vigdis Rise las dikt av Andre Bjerke, Arne Gunnar Aschehoug las også dikt om «Flate pakkar som pest for ekteskapet» med god humring frå festlyden.
Takk til alle som fekk festen til.

Måndag 19. november.

Etter tradisjonell opningssong («Jeg er havren»), og helsing frå presidenten,- hadde vi denne kvelden to programinnslag:

Først viste Jarle Kristiansen ein liten redigert videosnutt på 8 min frå ei luftreise som paraglidar; frå kommunen sin vassdam i Melshornlia til stigning til Melshornhøgde, og vidare framover til Hovdenakken, over Bigset vest med landing i lyngen ved Sunnmøre Golfklubb si bane i Hovdemyrane.

Tittel: «Ein sommardag i 2012 det var sol»

Deretter orienterte Hans Gisle Holstad , med referat frå første møte i jubileumskomiteen for ei tenkt 50 års markering av Hareide Rotary i 2015.

Etter orienteringa vart det ein inspirerande dialog om korleis vi, som klubb, bør feire dei første 50 åra. Mange nye moment kom fram til vidare bearbeiding i komiteen. Referatet frå Jubileumskomiteen ser slik ut:

HAREID ROTARYKLUBB JUBILEUMSKOMITEEN

REFERAT FRÅ MØTE MANDAG 15.10,12

Hareid Rotaryklubb vart skipa 1.3.1965,- og vert såleis 50 år 1.mars 2015.

I styreoppsettet frå presidenten for -12-13,- er følgjande medlemmar sett opp i ein JUBILEUMSKOMITE:

Hans Gisle Holstad
Sverre Bjåstad
Einar Holm
Magnar Hatløy
Egil Utgård
Jarle Klungsøy
Vigdis Riise

Komiteen hadde sitt første møte måndag 15.10 ,kl 1730 – 1900

Mandat:

Komiteen hadde ikkje fått nok mandat, utover det munnlege om å kome med forslag til opplegg/idear for ei 50 års markering, og korleis denne skulle gjennomførast.

Jubileumskomiteen såg, etter noko drøfting, si rolle som å vere hovudansvarleg for eit samla jubileumsarrangement med fleire underkomitear, oppnemnde av hovudkomiteen frå medlemmane i klubben, etterkvart som det var behov for det. Ein såg føre seg ei vid delegering.

Konstituering:

HGH stod først på namnelista frå styret og han hadde kalla inn.

Det vart semje om at SVB og HGH måtte bli samde om kven ei dei som skulle vere leiar.

I ettertid opplyser SB at han er uaktuell som leiar i jubileumskomiteen sidan han vart leiar i redaksjonsnemnda.

Konklusjonar(førebelse ,til vidare diskusjon):

Komiteen var samd om at ein burde markere jubileet.

JUBILEUMSFEST: For Hareid Rotaryklubb sine medlemmar med følgje i Hareid Hotell t.d. laurdag 29.2/1.mars 2015. By inn leiar og ev nestleiar i dei nærliggande klubbane (m/følgje) (som t.d. Ålesund,som var fadderklubb til Hareid), Sula, Ulstein og Herøy) Også andre innbedne.

Medlemmane m/følge betalar for seg, medan HR/»sponsing» betalar for innbodne gjestar.

Festkomite: Jubileumskomiteen samla.(historisk attersyn, tale for damene, tale for maten ,tale for kongen, kulturinnslag e.l. ??)

Ein såg føre seg eit nært og tett samarbeid med fest og kameratskapskomiteen for14/15.

BOKUTGJEVING:

For komiteen låg det føre jubileumsskriftet gitt ut i samband med 25 års jubileet.

Det var semje om at ein også til 50 års jubileet burde gi ut eit skrift/bok der første del i den nye boka var bortimot identisk (avfotografering) med 25 årsskriftet ,slik at andre del av boka konsentrerte seg om det arbeidet som har gått føre seg dei siste 25 åra. Men ei samla jubileumsbok.

Hovudkomiteen meinte at Sverre Bjåstad bør verte redaktør i ei redaksjonsnemnd for boka, med Vigdis Riise og Hans Gisle Holstad som medlemar i redaksjonsnemnda.

Til neste møte skal redaktør og økonomileiar legge fram kostnadsoverslag /budsjett for bokutgjeving.

ROTARYLØP/massemønstring i Rotarystien:

Frå Hareid Rotaryklubb er det tidlegare sendt oppfordring til Hareid Idrettslag om at få til eit årleg Rotaryløp frå Mylnebrua til Kaldholvegen. Det er tenkt eit løp både for massene og for eliten.

Dersom dette vert noko av før 2015 kan løpet markerast dette året spesielt.

Får ein ikkje til noko permanent løp/marsj før den tid, kan løpet arrangerast dette året som ei spesiell markering. Tidspunkt: Ein gong på vårparten?

OPEN BYGDAFGEST/Operakveld i Hareidhallen:

Dette vart noko meir lausleg drøfta. Hausten ville kanskje passe best? Kanskje torsdagen/fredagen før Hareidsstemna då Hareidhallen likevel var utruste/pynta og tribuna var rulla ut ??

Nordfjoreid har opera. Kan heile eller deler av eit av deira arrangement passe inn??

(Det ville i alle fall passe inn i samband med Hareidsstemna, og HR har vore ansvarleg for Hareidsstemna eitt år tidlegare. Skal vi bidra igjen ?)

Kva meinar rotarymedlemane Blir det for mykje «av det gode» ?

ØKONOMIKOMITE:

Ein såg føre seg ein eigen økonomikomite for heile jubileet, inkl bokutgjevinga.

Medlemar: Egil Utgård, leiar,- med Einar Holm, Jarle Klungsøyr og Mgnar Hatløy som medlemar.

Leiar i økonomikomiteen er til neste møte ansvarleg for at det ligg føre eit kostnadsoverslag for bokutgjevinga.

Framdrift: Orientering på samla klubbmøte

Ev justeringar frå styret

Neste møte i jubileumskomiteen: januar 2013

Hans Gisle Holstad

ref

Måndag 26. november.

Møttet var det siste i månaden og såleis programfritt.

Frammøte denne kvelden var heller lite. Dei fleste skulda dette på at alle ikkje var komne heim frå Oslo etter å ha vore der i helga og sett HØDD slå Tromsø(frå toppserien) med 5-3 etter straffekonkurranse.

Likevel:Vi tok oss tid til ein god song, etter først å vere helsa velkomne av presidenten.

Sosialt samvær og prat, og «å frette nytt» frå kommunen og arbeidsplassen,- er også viktig.